



Årsmelding 2016



Innhald

1. Styresamansetning/ eigarform/ organisering	3
2. Styret 2016	3
3. Året 2016	3
4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2016	4
4.1. Full Rulle	4
4.2. Språkkafé	4
4.3. Gåtur for alle!	5
4.4. Kulturkafé	5
4.5. Rettleing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen	5
4.6. Datakurs	6
4.7. Hagen ved Frivilligsentralen	6
4.8. Utlån av Friluftslivsutstyr	6
4.9. Utstyrssentral	6
5. Andre aktivitetar og arrangement	6
5.1. Frivilligdagen 2016 – fole kjekt i Vestnes	6
5.2. StikkUT! i Vestnes kommune	7
5.3. Aktivitet i samarbeid med andre og møter	7
5.4. Prosjekt: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune	8
6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar	8
7. Samarbeid med andre frivilligsentralar	8
8. Marknadsføring av Frivilligsentralen	9
9. Vestnes Frivilligsentral 2017	9
10. Frivillige og økonomi	9

1. Styresamansetning/ eigarform/ organisering

Eigar av Vestnes Frivilligsentral er Vestnes kommune, kommunen har personalansvar for dagleg leiar og økonomiansvar. Formannskapet og styret i Vestnes Frivilligsentral utgjer Årsmøtet.

Styret i Frivilligsentralen består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmar valt av årsmøtet, kommunen har ein representant med vara i styret. Vestnes Frivilligsentral er medlem av Norges Frivilligsentraler. Frå og med 2014 har Frivilligsentralen lagt under driftseininga Kulturskulen, ilag med Vestnes Folkebiblioteket. Dette har ført til mykje godt samarbeid, og eit viktig kollegium for dagleg leiar.

2. Styret 2016

Hanne Moldver Salthammer, leiar

Are Elvevold, nestleiar

Gerd Misfjord

Aud Marie Bergdal, eigars rep.

Tordis Sivertsen

Astrid Eidsvik (1. vara)

Helen Hoem Sylte (2.vara)

Falk Daniel Låmas Øveraas (vara eigars representant)

3. Året 2016

Styret har i 2016 arbeidd med å nå måla satt i strategien for 2014-2016, og arbeidd vidare med å lage ein strategi for 2017-2019. Det har vore eit innhaldsrikt år med vidareføring av etablerte aktivitetar.

Hausten 2016 har ein jobba særleg opp mot lag og organisasjonar og arrangert to kurs, eit om rekruttering av frivillige og eit om Tilskuddsportalen, og i september vart Frivilligdagen arrangert med 27 organisasjonar og mykje folk.

Styret har i tillegg til årsmøtet hatt 3 styremøter i 2016. Karianne Bergset Austnes har vore tilsett som dagleg leiar i 100 % stilling i 2016, og kom tilbake frå permisjon i mars. Mette Mjelve, Hege Haugen og Emma Vindal vikarierte i stillinga.

I 2016 vedtok Stortinget at støtta til frivilligsentralar f.o.m. 2017 skal ligge hjå kommunane, samtidig vart det lagt føringar for at midla dei neste fire åra skal gå til vidare drift av frivilligsentralane. Samtidig vart paraplyorganisasjonen *Norges Frivilligsentraler* stifta, Vestnes Frivilligsentral er medlem ilag med 356 andre sentralar. *Norges Frivilligsentraler* skal arbeide for gode rammevilkår for frivilligsentralane.

Visjon for Vestnes frivilligsentral sitt arbeid:

Vestnes Frivilligsentral skal bidra til at innbyggjarane i Vestnes kommune kjenner trivsel og tilhøyring i lokalsamfunnet, og legg til rette for deltaking i lokalsamfunnet.

Langsiktige mål:

- Vestnes Frivilligsentral er ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege
- Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune

4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2016

4.1. Full Rulle



Full Rulle er ein møteplass for foreldre som er heime med små born. Ope kvar onsdag kl. 11.00-14.00. Sentralen legg til rette med leiketepper, leiker, barnestolar, stellerom, ammekrok og kaffi/te, samt tilgang til kjøkken. Tilbodet vert jamt nytta med besøk på mellom 10-15 foreldre kvar gong, og mange får eit godt nettverk og ein kjekk møteplass gjennom Full Rulle. I april vart det arrangert gratis førstehjelpskurs i samarbeid med Tresfjord Røde Kors med 26 deltakarar. Kurset var for alle med omsorg for barn under 2 år.



4.2. Språkcafé

Språkcaféen vart starta opp i mai 2014. Språkcaféen skal vere ein møteplass for integrering og for alle som ynskjer å praktisere norsk. Tilbodet er annakvar onsdag frå kl. 18.00-20.00. Stemninga er uformell med fokus på munnleg språk. Spel og aviser vert nytta for å inkludere alle i praten. I hovudsak er deltakarane asylsøkarar og busette flyktningar, det vert jobba for å nå fleire arbeidsinnvandrarar og kvinner.

Språkcaféen er gratis. 10 frivillige er med som språkvertar og Språkcaféen er godt nytta med mellom 20-40 deltakarar kvar gong. Etter at mottaket vart lagt ned okt/nov 2016 vart det naturleg nok færre deltakarar. I 2017 håpar vi derfor å tilpasse tilbodet betre med å tilby leksehjelp og sjå på andre aktivitetar for å skape møteplassar som kan bidra til integrering. 2016 vart avslutta med besøk til Tresfjord museum der Tresfjord bygdekvinnelag stod for servering av julegraut, og julestemning på låven, ca 50 personar deltok.



4.3. Gåtur for alle!



Gåtur for alle vert arrangert i månadane april-september. Målet er å bidra til betre folkehelse. Det er turar kvar torsdag, kl. 17.00, til ulike turmål i kommunen. Frivillige guidar syner veg. I 2016 vart det arrangert 19 turar med eit snitt på 10-15 deltakarar kvar gong.

Bilde: Gjengen som var med på turen over Tresfjordbrua til Vike Friluftsbad.

4.4. Kulturkafé

Kulturkafé vert arrangert fast kvar tysdag, kl. 15.00-17.00. Ei gruppe på 12 frivillige bytter på å vere verter. Dei syter for mat og drikke til sal i kafeen. Kvar kafé har eit kulturelt innslag. I 2016 har Gamle skulens venner vore arrangør ein gong månaden. Ein gong i månaden er Vestnes Kulturskule med elevar og opptre. Elles har det vore ulike musikalske innslag, høgtlesing, og nytt i 2016: sittedans (bilete). Tal på besøkande varierer mykje etter type kulturelt innslag. Ei meir eller mindre fast deltakargruppe er på 15-20 personar, men besøkstalla kan vere opp til 40 stk.



4.5. Rettleiing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen

Frivilligsentralen skal tilby rettleiing for lag og organisasjonar som ynskjer dette. Rettleiinga går på styrearbeid, økonomi, søknadar og prosjektstyring. Hausten 2016 vart det arrangert to kurs. Det førte kurset handla om rekruttering og motivering av frivillige. Kurshaldar var rådgjevar frå Frivillighet Norge, portalen www.frivillig.no vart presentert som eit verkty (25 deltakarar). Frivilligsentralen følgde opp med kurs i bruk av Tilskuddsportalen. Tilskuddsportalen er ei søketeneste for å finne tilskot til aktivitet. Kommunen har kjøpt abonnement for lag og organisasjonar i kommunen, 31 deltok på kurset.



4.6. Datakurs

I 2016 vart det arrangert to kursrekker med datakurs (24 deltakarar), kursa vart arrangert av Seniorakademiet, Vestnes Folkebibliotek og Vestnes Frivilligsentral. Frivillige bidrog som datahjelparar. Kursa var svært populære og i 2017 vil ein sjå på korleis ein kan ta dette vidare, det er eit stort behov for dataopplæring.

4.7. Hagen ved Frivilligsentralen

Hagen ved Frivilligsentralen vart opna i 2015. I 2016 har frivillige fortsett med dugnadar og utvikling av hagen. Nytt av året var mellom anna namneskilt på plantar og skilt på låveveggen for å vise at hagen er open og tilgjengeleg for alle. På Frivilligdagen vart det arrangert to guida omsyningar i hagen, konsert og kafé. Hagen vert meir og meir nytta av innbyggjarane, barnehagane er ofte på besøk, og fleire nyttar hagen til å gå tur med rullestolbrukarar. I hagen kan ein nytte alle sansane: mykje å sjå, smake og lukte på.



4.8. Utlån av Friluftslivsutstyr

Sunnmøre Friluftsråd vart 40 år i 2014. Dette vart markert med at dei delte ut ei utstyrskasse til samlege medlemskommunar. Frivilligsentralen administrerer utlånet i Vestnes. Skular, barnehagar og lag og organisasjonar kan låne gratis. Utstyrsbakka skal stimulere til eit aktivt friluftsliv, og består av lavvo, taubruer, bålpanne, sag, øks, diverse grillutstyr samt popcornpanne til bål. Utstyret vert jamt utlånt, men kapasiteten er mykje større.

4.9. Utstyrssentral

I samarbeid med NAV Vestnes fekk ein tildelt midlar til etablering av Utstyrssentral i mai 2015. I 2015 vart lokale på Frivilligsentralen rydda og pussa opp. Utstyr vart kjøpt inn etter anbudsrunde. Så langt kan ein tilby alpinutstyr, langrennutstyr, skøyter og hockeyutstyr, fiskestenger, redningsvestar, bæremeiser, telt og liggeunderlag. Tilbodet skal stimulere til auka deltaking i friluftsliv og fritidsaktivitetar for alle. Utleige starta i januar 2016 og vart svært populært med 42 vinterutlån. Tilbodet er for alle, og alt utlån er gratis. Frivilligsentralen administrerer utlånet.

5. Andre aktivitetar og arrangement

5.1. Frivilligdagen 2016 – fole kjekt i Vestnes

No er det tradisjon med Frivilligdag i september! 17. september bidrog 27 lag og organisasjonar til at det vart nok ein fole kjekk dag i Vestnes. Det var mykje aktivitet i Helland sentrum med mange besøkande. Målet med Frivilligdagen er å syne breidda av frivillig aktivitet i kommunen, at lag og organisasjonar får vist seg fram. Det er også ein møteplass for lag og



organisasjonar, og for innbyggjarane generelt i Vestnes og håpet er at dette skal bidra til auka trivsel. Frivilligdagen er eit årleg arrangement i regi av Frivilligsentralen og i samarbeid med Sentrumsforeninga, kommunen og Kulturskulen, i tillegg til lag og organisasjonar. Aktivitetar var informasjonsstands, sal av mat og drikke, konkurransar, loddosal, appellar og underholdning i form av song, korpsmusikk, dans, karateframsyning og meir. Arrangementet fekk pressedekning i Vestnesavisa og Bygdebladet.



5.2. StikkUT! i Vestnes kommune

Sunnmøre Friluftsråd starta arbeidet med turregisteringa StikkUT! i 2015, og Vestnes ville vere med på dette. Frivilligsentralen koordinerer arbeidet mellom lag og organisasjonar/ frivillige og Sunnmøre Friluftsråd. Organisasjonar og enkeltpersonar legg ned ein stor innsats i å lage gode turskildringar og i arbeidet med merking av turløyper. StikkUT! tala frå 2015 til 2016 er dobla! I Vestnes kommune er det registrert heile 1.563 brukarar, og 9.800 turar fordelt på 13 turmål. Målet er at innbyggjarar i Vestnes, og utanfrå, i større grad skal nytte naturen i Vestnes, og gjennom det bidra til styrking av folkehelsa. Det er klart for ny Stikk UT!- sesong i 2017.



5.3 Aktivitet i samarbeid med andre og møter

Frivilligsentralar skal vere eit bindeledd mellom kommune og det frivillige, og vere ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar. Samarbeid og koordinering er derfor to viktige stikkord for arbeidet. I 2016 har det vore samarbeidd med mange ulike aktørar, både lag og organisasjonar, i kommunen og næringslivet. Dagleg leiar deltok på **Vestneskonferansen 2016** og heldt innlegg om frivilligheit, bulyst og samarbeid med næringslivet. Frivillige og Frivilligsentralen var også i 2016 med og koordinerte **TV-aksjonen**. Sidan 2014 har Frivilligsentralen vore ein del av eininga Kulturskulen, saman med biblioteket, dette har blitt viktige diskusjons- og samarbeidspartnarar for sentralen.

Frivilligsentralen søkte UDI om midlar til aktivitet for barnefamiljar på asylmottaket ilag med mottaket. Måla var aktivitet for barn og foreldre, integrering, samt involvering av frivillige. To aktivitetar vart gjennomført: besøk til Atlanterhavsparken og **Friluftsdag på Kråkeneset**. Friluftsdagen var serleg tenkt for å skape ein møteplass mellom barnefamiljar på mottaket og i Vestnes elles, og involvere frivillige organisasjonar. Aktiviteten vart arrangert andre året på rad, det var kjekt at endå fleire barnefamiljar deltok i 2016, 2-300 personar var innom. 4H arrangerte fiske og aktivitet i fjøra, Islandshestforeininga arrangerte riding, KRIK arrangerte kanopadling, Biblioteket hadde eventyrstund i lavvo, det var servering av mat, grilling, klatring i taubruer og natursti.



5.4 Prosjekt: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune

I 2014 søkte Frivilligsentralen, Kulturskolen og biblioteket på Lokal samfunnsutviklings midlar (LUK) gjennom Fylkeskommunen. Vi fekk støtte til prosjektet: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune. Vestnes kommune er ei internasjonal kommune med 35-40 nasjonar. Støtta skal gå til å lage ein kunnskapsrapport som gir Vestnes kommune ein god og heilskapleg kunnskap om ulike innvandrargrupper i Vestnes, problemstillingar og mulegheiter. Rapporten skal peike på gode samarbeidsformer mellom Vestnes Folkebibliotek, Vestnes Kulturskule og Vestnes Frivilligsentral for å kunne jobbe heilskapleg med integrering seg i mellom og med bedrifter, flykntingenesta og andre relevante instansar i kommunen, som lag og organisasjonar. Rapporten skal peike på konkrete tiltak for å sikre betra integrering gjennom frivilligheit og kultur. I desember vart prosjektet lagt ut for anbod, og i februar 2017 vil KUN (Kvinneuniversitetet) starte arbeidet. Rapporten skal vere klare før sommarferien 2017.

6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar



I løpet av 2016 har lag og organisasjonar, kommunale einingar, næringsliv og private lånt/leigd lokala til Vestnes Frivilligsentral. Lag og organisasjonar får leige gratis til styremøter. I 2016 var lokala leig ut 149 gonger, eit snitt på 3,4 gonger per veke (ikkje juni/juli).



7. Samarbeid med andre frivilligsentralar

Vestnes Frivilligsentral har jamleg kontakt med dei andre sentralane i Romsdal og på Nordmøre. Årleg vert det arrangert regionkonferanse der Frivilligsentralen deltek, i 2016 var denne i Molde. Norge Frivilligsentraler vart etablert i 2016, organisasjonen skal arbeide interessepolitisk for å sikre gode vilkår for sentralane. I tillegg er dagleg leiar ein del av eit nettverk som består av sentralane i Fræna, Kristiansund, Molde, Midsund (ny), Nesset (ny), Aukra, Sunndal og Rauma. I desember deltok dagleg leiar på ein konferanse i regi av KS, tema var frivilligsentralane si rolle i framtida.

8. Marknadsføring av Frivilligsentralen



Vi marknadsfører Frivilligsentralen og aktuelle saker på kommunen sine heimesider, Facebook-sida til Frivilligsentralen (oppretta 2014), i lokalavisene og f.o.m. mai 2016 på egne heimesider. Facebooksida har i overkant av 600 følgjarar. Vestnes Frivilligsentral har hatt mediedekning på mange av sine aktivitetar i 2016.

I 2016 oppretta Frivilligsentralen eiga nettside med god oversikt over tilboda ved sentralen: www.vestnes.frivilligsentral.no. Statistikken for sida syner at stadig nye brukarar er innom heimesida. I samband med Frivilligdagen hadde sentralen stand i sentrum med egne brosjyrar. All aktivitet ved Frivilligsentralen vert annonsert i Kulturkalenderen til Vestnes kommune, i kulturkalenderen i Vestnesavisa og noko i Bygdebladet og Romsdals Budstikke.

9. Vestnes Frivilligsentral 2017

Vestnes Frivilligsentral bidreg positivt i lokalsamfunnet i Vestnes, og arbeider for at sentralen skal vere aktuell for ei breidde av innbyggjarane i kommunen. Det er alltid rom for vidareutvikling og forbetring. I 2017 ynskjer Frivilligsentralen å jobbe vidare for å nå måla i strategien for 2017-2019, og særleg fortsette med å få auka kontakt med den organiserte frivilligheita i kommunen, og tilby dei vidare rettleiing i bruk av Tilskuddsportalen og nytte den som eit verkty.

Våren 2017 vil handle mykje om LUK prosjektet Integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes (sjå punkt 5.4), der dagleg leiar ved Frivilligsentralen følgjer opp oppdragstakar. Hausten 2017 skal ein i samarbeid med andre jobbe med å fylgje opp resultata og tilrådingane i rapporten. Elles vil ein i 2017 arbeide for å sikre god drift av etablerte aktivitetar og tilbod ved Frivilligsentralen.



10. Frivillige og økonomi

Aktiviteten ved Vestnes Frivilligsentral er avhengig av frivillig innsats. Som årsmeldinga syner har mange frivillige deltatt i ulike aktivitetar. Aktivitetar som bidreg til auka trivsel og som dekker eit behov. Det har vore om lag 100 frivillige knytt direkte til sentralen, men lagt fleire gjennom andre lag og organisasjonar.

I 2016 fekk Frivilligsentralen statsstøtte på 310.000 kr, denne støtta er krev at ein har ein dagleg leiar i 100% stilling. I tillegg fekk ein støtte gjennom UDI på 52.350 kr til tiltak for barnefamiliar og integrering. 17.744 kr av UDI-midla vart ikkje nytta til planlagt tiltak då mottaket på Vestnes vart lagt ned. Nettobudsjettet for 2016 var på 537.000 kr, og utgiftene var på 564.000 kr. Midla vart nytta meir eller mindre som budsjetttert. Ein har overskride budsjettet noko pga. utgifter til vikar.